



REFERAT

Kviteseid Sokneråd (SR)

Onsdag 30.11.2022, kl.18.00

Stad: Kommunehuset

Innkalla:

Marit Gotuholt (leiar), Marit Sørby (nestleiar), Sigrun Garvik Moen (sekr.), Dagfinn Køhn, Unni Snaunes, Toralf Grave, Gudrun Nordbø Venås, Vidar Syrtveit Mikalsen. Møyfrid Lunde (sokneprest), Bjørn Nordskog (kommunerepresentant og ordførar). Vigdis Helen Bruhaug (1. vara), Kristen Salmelid, kyrkjeverje.

Fråvær: Kristen Salmelid, kyrkjeverje

Ord for dagen: Møyfrid Lunde

Servering: Toralf Grave

Oversikt over saker:

SR-sak 43.22 FR	Innkalling og saksliste
SR-sak 44.22 SR	Val av leiar og nestleiar
SR-sak 45.22SR/FR	Post og meldingar
SR-sak 46.22 SR	Møte med organist og trusopplærar
SR-sak 47.22 SR	Offerplan for 2023
SR-sak 48.22 SR	Kyrkjevalet 2023
SR-sak 49.22 SR	Økonomisaker
SR-sak 50.22 SR	Møtedatoar for soknerådet 2023
SR-sak 51.22 SR	Eventuelt (Referat frå 2 TOU-møter)

SR-sak 43.22 FR	Innkalling og saksliste	MG
Innkallinga til dette møtet vart sendt ut på e-post onsdag 23. nov. 2022 til alle medlemmer og varamedlemmer i Kviteseid sokneråd (samt revisor og prost til orientering).		
Merknader til innkalling eller saksliste?		
Forslag til VEDTAK: Innkallinga er godkjend. Møtet er lovleg sett.		
VEDTAK: Som føreslege.		

SR-sak 44.22 SR	Val av leiar og nestleiar	MG
<p>Soknerådet vel kvart år leiar og nestleiar for eitt år. Dette valet er for siste året av denne soknerådsperioden og gjeld frå dette møtet.</p> <p>Marit Gotuholt har vore leiar og Anne Marit Sørby nestleiar dei tre fyrste åra.</p> <p>Forslag til VEDTAK: Attval av Marit Gotuholt som leiar, og Anne Marit Sørby som nestleiar.</p> <p>VEDTAK: Marit Gotuholt blei attvald som leiar, og Anne Marit Sørby som nestleiar.</p>		
SR-sak 45.22 SR/FR	Post og meldingar	MG / KS
<p>1. Sidan siste sokneråd:</p> <ul style="list-style-type: none"> • <u>Kick-off for konfirmantane</u> 28.-29. okt. • <u>Føremiddagstreff</u> på Misjonshuset 26.10. og 23.11. <p><u>Kyrkjelydsbasaren</u> laurdag 26.11. Det vart seld lodd på Kiwi for 8.500,- kr laurdag 19.11. Kyrkja var til stades på jolemarknad på Mylletorget i Kviteseid fredag 25. nov. og selde vaflar, gløgg, ved og lodd. (Då var det og jolegran-tenning i Kviteseid). Til basaren i år kom det inn mange fine gevinstar. Desse deltok med innslag på basaren: Dansegruppe frå kulturskulen, Kviteseid speidargruppe, og Møyfrid Lunde. Resultat: kr. 49.400 (brutto).</p> <p><u>Orientering om kyrkjetekstilar:</u> Herdis Nordbø Jørgensen og Hanne Roholdt orienterte om kyrkjetekstilane i Vrådal kyrkje 27. mars, Kviteseid kyrkje 30.oktober, Brunkeberg kyrkje 27. nov. Datoar for Fjågesund og Kilen kjem vi tilbake til. Soknerådet takkar igjen for veldig fint og viktig arbeid for kyrkjene og for å samle og ta vare på historia.</p> <ul style="list-style-type: none"> • <u>Konsert</u> i Kviteseid kyrkje ved Hans Inge Fagervik laurdag 26. nov. • <u>Stiftsdagar</u> blir arrangert annankvart år, med litt opphald i koronatida. 25.-26. okt. var 5 av 7 frå staben her til stades i Kristiansand. • <u>Vernerunde</u> vart gjennomført 2. nov. med gjennomgang av alle kyrkjene og kontoret, med vekt på det psykososiale miljøet. Prost Asgeir Sele og verneombodet til prestane var til stades saman med heile staben (-1 sjuk). • <u>2 dåpsgudstenester på laurdagar</u> i oktober og november var avtala før vi stengde for slike seremoniar på laurdagar. • <u>På allehelgensdag</u> var kyrkja i Kviteseid open frå kl. 16-18. • <u>Lysmesse i Kviteseid gamle kyrkje</u> torsdag 24.11. kl. 18.00. Slik messe er ikkje halden sidan 2016. Elevar frå Kvitsund var med tidlegare, og var med i år og. <p>2. Hendingar vidare</p> <ul style="list-style-type: none"> • <u>Fyrste ekstragudsteneste i Vrådal</u> blir 4. des. kl. 11.00 med sokneprest i Fyresdal Marte Martilla Dybdal. • <u>4. nr av kyrkjebladet</u> kjem i postkassane i veke 49. Sjå etter det og sei ifrå om det ikkje kjem. • <u>Adventskonsertar</u> (sjå meir i kyrkjebladet): <ol style="list-style-type: none"> 1. Adv.konsert for eldre blir onsd. 7.12. kl. 11.00 i Kviteseid kyrkje 2. Vrådal kyrkje, torsd. 1. des. med Haugen og Ajer kl. 19.00 3. Kviteseid kyrkje søndag 11. des. kl. 17.00, med hornmusikken og alle kor i bygda. 		

- Fest for Lundenjordet onsd. 14.12. kl. 18.00 på Misjonshuset
- Skulegudstenester for Kviteseid og Kvitsund 16.12 og for Brunkeberg 20.12.
- Jolevandring for barnehagen i Kviteseid 22.12.

- 3. Lysekrona i gamlekyrkja** er reparert og hengt tilbake i kyrkja. Kostnad kr 13.000 dekker vi på driftsbudsjettet, men kan framleis få stønad frå Riksantikvaren, men då ikkje før i 2023.
- 4. Konservering av måleria i Kviteseid gamle kyrkje** er prisa til over 500.000 kr. Svar på søknaden om Riksantikvaren støttar dette, får vi ikkje før til våren 2023.
- 5. Nye omnar til Kviteseid kyrkje**, oppfylging: Nær alle omnane er montert. Pr. 23.11. er ny el-tavle som er bestilt, ikkje komen. Den skal innehalde alt som har med oppvarming og straumstyring av omnane å gjera. Ny eltavle blir forsinka. Sjå meir i sak 49/22, pkt. 4 om økonomien.
- 6. Renovering av blyglasvindauga** i Kviteseid: To blyglas vart 3. oktober tatt ut for å bli renoverert i Tønsberg. Dei er forventa ferdige frå Tønsberg glassliperi rundt 25. nov, og vil vere i Kviteseid rundt månadsskiftet, klare for å monterast igjen.
- 7. Søknad om tilbygg til bårehuset i Kviteseid** stiller biskopen seg positiv til, men legg som vilkår i si anbefaling at det blir lagt fram arkitektheikning der ein tar tak i og vurderer ei rekke punkt som er lista opp. Arkitekt er engasjert og arbeider med saka.
- 8. Vasslekkasje i Brunkeberg**, i kyrkjekjellaren: Pumpa for avløpsvatn frå oppvaskmaskin og vask viste seg å vera øydelagt. Ny er montert. (14.000 for arbeid og ny pumpe). Det kan vere at oppvaskmaskina og er defekt og må bytast.
- 9. Orientering om referat frå Trusopplæringsutvalet.**

SR-sak 46.22 FR

Møte med organist og trusopplærer

MG / ML

Etter planen skal organisten og trusopplærer møte soknerådet på novembermøtet. Trusopplærer Knut Ove Lofstad har nyleg møtt soknerådet i samband med sak om trusopplæringsplanen tidlegare i haust, og har ikkje anledning til å møte på onsdag. Difor er det berre organisten vår, Olav Holm, som er til stades. Han fortel om korleis han har det i sitt arbeid, kva han er oppteken av og arbeider med, og om gleder og utfordringar.

Soknerådet har høve til å stille spørsmål eller kommentere.

Forslag til VEDTAK:

Soknerådet takkar for det gode arbeidet organisten gjer i og for kyrkjelyden vår.

VEDTAK:

Som føreslege.

SR-sak 47.22 SR	Offerplan for 2023	MG /ML
<p>Forslaget til offerplan som er vedlegg til saka er utarbeidd av gudstenesteutvalet (GU) på møte 16.11.22. Det følgjer i hovudsak vedtak frå tidlegare sokneråd når det gjeld kven som skal vere prioritert. I tillegg er det i stor grad foreslått at dei organisasjonar som har fått tildelt offer tidlegare skal få det òg neste år. Eit unntak er forslag om at Acta Normisjon får eit offer på same måte som NLM Ung har fått dette. Dette kjem i tillegg til at vi har vårt misjonsprosjekt knytt til moderorganisasjonane deira. Fleire grupper og lag i Kviteseid er innmeldt i Acta og får frifondmiddel gjennom dei. Det er foreslått at vi prioriterer desse framfor KIA.</p> <p>Vedlegg: <i>Offerplan 2023</i></p> <p>Forslag til VEDTAK: Soknerådet vedtek den framlagde offerplanen for 2023</p> <p>VEDTAK: Soknerådet vedtek den framlagde offerplanen for 2023</p>		
SR-sak 48.22 FR	Kyrkjeval 2023 (orientering)	MG
<p>Stikkord og datoar for førebuing til kyrkjevalet hausten 2023 Valet er to-delt:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Lokalt soknerådsvæl 2. Val av bispedømeråd (Her kjem fleire lister å velje mellom) <p>Møte for Øvre-Telemark prosti vedr. valet, er på Misjonshuset i Seljord onsd. 18. januar, kl. 18.30-20.00. Der møter ein frå SR (fortrinnsvis leiar), og kyrkjeverje.</p> <p>Anna info:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Soknerådet er valstyre • Valstyret skal oppnemne ein nominasjonskomité på min. 3 medlemmer. Frist 1. febr. Kyrkjeverja foreslår at nominasjonskomitèen blir oppnemnd på dette møtet. • Frist for innlevering av listeforslag til valstyret er 31. mars kl. 12.00. • Viktig informasjon om valet finn du på nett: www.ressursbanken.kirken.no (Kirkevalget 2023) Her bør heile SR vere innom no eller seinare. • Astrid Tveten har teke imot utfordringa til å bli nominert til kandidat frå oss til nominasjonskomitèen til bispedømevalet. Dette er formidla vidare til bispedømekontoret. <p>Forslag til VEDTAK: Soknerådet oppnemner fylgjande 2 personar til nominasjonskomité for soknerådsvalet i 2023:</p> <p>VEDTAK: Soknerådet oppnemner fylgjande 2 personar til nominasjonskomité for soknerådsvalet i 2023: Marit Sørby og Vidar Syrtveit Mikalsen. I tillegg vel ein å spørje Øyvind Jørgensen og Anne Lise Råmuddal. Marit Sørby spør Øyvind og Møyfrid Lunde spør Anne Lise.</p>		

1. **Purring på fakturaer** på rundt 75.000 kr er sendt ut fyrst i november.
2. **Lønsforhandlingar** mellom KA og fleire partar, var ferdige 29. oktober. Uravstemming hos partane hadde frist 10. nov., og vart godkjend av alle.
Hovudtrekka etter lønsforhandlingane er som følgjer:
 - a. 3,85 % i samla lønsauke for fellesrådstilsette i sentrale og lokale tillegg.
 - b. Våre tilsette får 13-15.000 kr i årleg sentral vedteke lønsauke/mnd/100% med verknad frå 1. mai 2022. Lønsauke samla i 2022 for 5 tilsette blir om lag 25.000 kr. Årstillaget for desse (2,7 årsverk, 5 personar, utanom kyrkjevevja) blir 38.000 kr.
 - c. I tillegg skal 1.0 % av lønspotten fordelast i lokale lønsforhandlingar. Dette utgjer kr 13.000 i årlege tilleggskostnader frå 2023. Kr 6.500 skal etterbetalast for juli-desember 2022.

3. **Straumforbruk og kostnad:**

T.o.m. oktober er det bruka 134.000 kWh med ein kostnad på 352.000 kr. Nov+des står att.

Til samanlikning er tala for heile 2021: 169.000 kWh og 179.000 kr

Regnskapsført så langt i 2022 er 'berre' 288.000, t.o.m. sept.

Så har vi søkt om kr 45.000 i straumstønad for desember, lova ekstraordinært frå regjeringa.

Det har vi no motteke positivt svar på, og får utbetala innan 15. des.

Så er det spanande å sjå kva regjeringa sin straumstønad til større næringar vil seie når høyringa er ferdig. Vi har lese at kommunar blir inkludert i dette, men vil då kyrkjene kunne bli inkludert som ein fylgje av det, sidan vi er finansiert frå kommunen?

VTK er avventande til regjeringa si føring om straumstønad til større bedrifter. Viss det blir iverksett, vert fastprisen frå VTK 73 øre/kWh. Fastprisavtale blir då tilgjengeleg for 3, 5 eller 7 år. Vil det svara seg for Kviteseid sokn å flytte tilbake til VTK, og kor lang bindingstid vil det vere klokt å velje?

4. **Rekneskapsresultat** drift pr 8.11.2022 mot *budsjett heile året*: (+ er underskot, - er overskot)

Samla resultat for 11 mnd løn og 10 mnd tilskot er kr 87.000 mot *-2.000 (budsjett)*

Samla resultat for 11 mnd løn og periodisert med 11 mnd tilskot er kr -204.000 (overskot)

Kr 140.000 i sjukerefusjon frå NAV har bidratt til dette, og vi har ikkje brukt tilsvarende mykje på vikarløn.

Driftsresultatet vil truleg bli meirforbruk og samla underskot.

Investeringsprosjekta for i år ser ut til å bli ferdig i tide. Til varmeanlegget i Kviteseid har vi budsjettert med at kr 400.000 skulle koma på 2023. Det er vanskeleg å seie om vi får til ei slik fordeling, eller om alt må betalast i år, Investeringsrekneskapan i år går i tilfelle med tilsvarende underskot (meirforbruk).

5. **Stønad frå kommunen 2023:** I sakspapira til formannskapet 24.11. og kommunestyret 8.12. har kommunedirektøren tatt med vidareføring av investeringstilskotet på kr 1,0 mill. i 2023. Men det er redusert til 0,5 mill. i 2024 og 0,- frå 2025. Frå 2025 er det lagt opp til at 'Kviteseid sokn spelar inn sine forslag til investeringar'.

Driftstilskot ligg inne med kr 763.600 til kyrkjegardar og kr 2.962.600 til resten, totalt kr 3.726.200. Det er det vi bad om, og inkluderer 2,5 % auke + 150.000 til ekstraordinære straumprisar. Av samla auke på kr 237.200 går 150.000 til straum, rundt 50.000 til auka løn,

og då er det berre kr 37.000 igjen til generell prisauke. Forslag til driftsbudsjett for 2023 blir handsama i AU før SR i januar 2023.

Etter avtale fekk kyrkjeverja laga eit oppslag i VTB om straum og varme i kyrkjene. Det kom i papirutgåva torsdag 24.11., og digitalt torsdag 1.12.

Forslag til VEDTAK:

Soknerådet tek sakene til orientering (Vedtak ang. fastpris frå VTK?)

VEDTAK:

Soknerådet tek sakene til orientering

SR-sak 50.22 FR

Møtedatoar for soknerådet 2022

MG / KS

Dette er forslag til møtedatoar for soknerådet og arbeidsutvalet i 2023.

Soknerådsmøte, SR	Arbeidsutval, AU
	11. januar
25. januar (budsjett 2023)	
	15. febr (årsmelding)
1. mars (årsmelding mellombels)	
Sundag 5. mars: Soknemøte i Kviteseid (med tilgjengeleg info)	
26. april (årsmelding vedtak)	
	24. mai
7.. juni	
	9. august
23. august	
	20. september
4. oktober (siste med dagens SR)	
22. november (konstituerande)	

Forslag til VEDTAK:

Soknerådet vedtek den framlagde møteplanen for 2023.

VEDTAK:

Som føreslege. (Merk at det var skrivefeil med 6. juni)

SR-sak 51.22 FR

Eventuelt

MG